




I vel halvanna veke har Bjarne Lilleaas og mannskapet, Geir Eidsvik, Per Solberg og Leif Jarle Bergstø, hatt ein flott segltur til øyane vest i havet med seglbåten hans, FATHUHIVA. Med teksten og dei flotte bileta nedanfor deler dei nokre av opplevingane frå den flotte turen. Les, nyt bileta og drøym dåke mot vest!



Mannskap: Leif Jarle Bergstø, Per Solberg, Geir Eidsvik og Bjarne Lilleaas
Avreise torsdag 09.06. Det var varsla ganske sterk vind, så vi planla ei overnatting i Austevoll. Opp Langenuen bestemte vi oss for Brandasund som overnattingsplass. I Selbjørnsfjorden fekk vi nokre kraftige kulingbyger, og det var lettare kaos ombord. "Flykta" ned mellom Fitjarøyene og trokla oss fram til Brandasund for motor. Neste dag, fredag 10.06 var det høveleg vind, 5-11 m/s frå nord-nord aust. Perfekt! Blå himmel, men ganske

kjøleg. Fin seglas til ein time før land på Shetland, 29 timars overfart. Første porsjon fish&chips gjekk ned laurdags ettermiddag. Som alltid, ei openbaring! Neste porsjon kl.22.30. I mellomtida var vi på The Lounge, musikkpub'n rett opp for kaia. Flott levande lokal musikk! Trekkspelaren var minst 140 kg. Trommissen 120! Doble kolesteroltablettar om kvelden. Generelt fint ver, men noko kjøleg under reisten av opphaldet. Vi leigde sykklar, og 3/4 delar av mannskapet tok ein runde på Bressay. Ein del av den kjende krim-serien foregikk her.

Tysdag 14.06 segla vi i medvind ned til Fair Isle, ca. 8 timar sørvest. Framleis fint, men kjøleg ver. Spaserte over øya og attende i løpet av eit par timar. Båtpbyggjaren og skipparen (lokalbåten på slippen "Good Sheperd") Ian Best, slo vi av ein prat med. Gjekk i si tid på båtbyggjarskulen i Jondal. Elles er fuglekikking leveveg nr. ein på øya. Eige hotell for dei med ustyrlig interesse for fuglar.

I løpet av natta auka vinden monaleg, og om morgonen måtte vi ta ein runde med oss sjøl om vi skulle våge å gå ut av hamna. Det braut friskt i opninga mot nord. Vi ga full peising og kom oss ut. Fin medvindsseglas i 11 timar ned til moloen i Kirkwall. 3 av oss hadde vore der eit par gonger tidlegare, men det var truleg 13-14 år sidan.

Einaste nye var ei brukbar småbåthamn.

Vi vitja sjølsagt St. Magnuskatedralen. Like imponerande kvar gong. Fredag leigde vi bil og køyrde til Pentlandstredet og byen Stromness. Veret var særst surt og kaldt, i tillegg noko regn.

Laurdagsmorgonen 18.06 fann vi ut at vermeldingane ga oss sjanse til å unngå kuling og ha ei gunstig vindretning. Fin seglas i mest eit døgn, fram til det engelske Beryl-feltet vest på Vikingbanken. Der daua vinden vekk, og vi måtte faktisk gå for motor i eitt døgn tid, like til kai i Uskedalen, totalt då 47 timar frå Kirkwall. Ein time etter fortøying kom det søraust stiv kuling og kraftig regn. Det er lov å ha flaks av og til!

Summa sumarum: Ein fin og roleg tur. Flott seglas i 500 av totalt 640 nautiske mil.


















Tekst: Bjarne Lilleaas
Foto: Per Solberg
Nett: Thor Inge Døssland